

Formannskapssak 40/2023 – Budsjett og økonomiplan 2024 – 2027

Formannskapet sin innstilling til vedtak:

1 Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2024 - 2027 vert vedteke slik det ligg føre i tråd med budsjett og økonomiplandokumentet, med dei endringar/korrigeringar som vart vedteke i møtet.

2 Eigedomsskatt 2024

For eigedomsskatteåret 2024 vert det skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c: «berre på kraftverk, vindkraftverk og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».

Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.

Eigedomsskatten for 2024 forfell til betaling i 3 terminar: 31. mars og 30. juni og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25.

Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsame klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.

Modalen kommune gjennomførte ny alminneleg taksering i 2019. Dette omfattar kraftnettet, då eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk er likningsverdiar frå Skatteetaten.

3 Låneopptak

Låneopptak til finansiering av investeringar i 2024 vert fastsett til kr 3 500 000. Lånet er heimla i kommunelova §14-15, fyrste ledd (finansiering av investeringar i varige driftsmidlar som skal eigast av kommunen sjølv). Låneopptaket knyt seg til oppgradering/nytt ventilasjonsanlegg i bygget Bryggjeslottet.

Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 0 for 2024. Lånet er heimla i kommunelova § 14-17 (Lån til vidare utlån). Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket og gjere val av vilkår.

4 Betalingssetter for 2024 vert vedteke i tråd med vedlegget: Modalen kommune – betaling for kommunale tenester 2024.

5 I løpet av 2024 skal Modalen kommune tilby fleksible fakturerings- og betalingsterminar for kommunale eigedomsgebyr. Kundane skal kunne velge mellom:

- **Halvårleg betaling (slik som idag) = 2 betalingsterminar pr år**
- **Årleg betaling = 1 betalingstermin pr år**
- **Månadleg betaling = 12 betalingsterminar pr år**
- **Kvartalsvis betaling = 4 betalingsterminar pr år**